

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 10. september 2019

Skype

Kl. 14.00-15.00

**Til stades:** Eiri Elvestad (leiar), Marika Lüders, Hanne Hestvik Kleiven, Balder Holm, Terje Colbjørnsen og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen og Lisbeth Morlandstø

Det nye styret etter valet på generalforsamlinga i Malmø 22. august 2019:

Faste medlemmer:

- Eiri Elvestad (leiar), 2018–20
- Magnus Hoem Iversen (kasserar), 2018–20
- Terje Skjerdal (sekretær), 2018–20
- Hanne Hestvik Kleiven, 2019–21
- Lisbeth Morlandstø, 2019–21
- Marika Lüders, 2019–21
- Balder Holm (Nordicom-representant, permanent observatør)

Vara:

- Terje Colbjørnsen, 2018–20 (skal vikariera som redaktør i Medietidsskriftet; går ut av styret i den perioden)
- Karianne Sjørgård Olsen, 2019–21
- Svein Høier, 2019–21

### **1. Innkalling**

Godkjend.

### **2. Referat frå styremøte 19. juni 2019**

Godkjent.

### **3. Kort rapport frå Nordmedia-konferansen i Malmø aug 2019**

God konferanse, men fleire har reagert på at den var dyr og at det ikkje var rabatt for medlemmer av medieforskarlaga. Rekneskapan frå konferansen burde bli offentleggjort. Litt rot med organiseringa av gruppene. Eiri gjev respons til arrangøren på vegner av NML.

### **4. Revisorberetning forseinka**

Vert sendt ut snart.

## **5. Den norske medieforskarkonferansen 2020**

Marika er oppnemnd som leiar av arrangementskomiteen. Dato: 22.-23. oktober 2020. Kanskje i Forskingsparken. Komiteen arbeider med hovudinnleiarar. Mogleg å ta ein på Skype dersom han er langt vekke? Konferansen får miljøprofil – deltakarar vert oppfordra om å ta tog. Tema: «Tillit til media – overalt og alltid?» (e.l.). NFR og RAM vil bli søkt om midlar, samt UiO. Budsjettutkast er klart. Datoen for konferansen må ut på nettsida, så folk kan setja av datoane.

## **6. Oppdatering av medlemslister**

Per 9. september: 127 medlemer. 57 er stoppa i det siste pga ikkje innbetalt kontingent. Prøver å hanka inn att desse. Universitetsforlaget skal sjå på mogleg løysing der nyinnmelde medlemer betaler kontingent med ein gong etter innmelding (gjærne med Vipps), i staden for å få faktura lenge etterpå.

## **7. Kommunikasjon med medlemer**

Laget har no to epostlister: [medieforskerlaget\\_medlemmer@media.uio.no](mailto:medieforskerlaget_medlemmer@media.uio.no) (berre for betalte medlemer) og [medieforskerlaget@media.uio.no](mailto:medieforskerlaget@media.uio.no) (alle kontaktar og tidlegare medlemer, totalt ca. 300 personar). Alle som er oppførde på ei av listene, kan senda melding. Bruk gjerne listene til informasjon om arrangement m.m. Facebook-kontoen eignar seg òg til informasjon om arrangement, men med ein viss risiko om at ein ikkje treffer alle. Nettsida vil først og fremst bli brukt til meir statisk informasjon (referat m.m.), men òg til nyheiter når det er noko spesielt å melda (f.eks. forskarkonferansar). Styret ynskjer ikkje å ta ansvar for nyheitsbrev eller oppsamling av nyheiter med tanke på å senda desse ut samla (prøvd tidlegare). Balder overtek hovudansvaret for Facebook-kontoen etter Roswitha.

## **8. Ny nordisk plattform for medieforskarar**

Dei nordiske medieforskarlaga har lansert NordMedia Network (<https://nordmedianetwork.org/>), med bl.a. forskarprofilar. Alle vert oppfordra om å leggja ut profilen sin der.

## **9. Eventuelt**

Medietilsynet ynskjer møte med styret i NML. Eiri prøver å avtala ein dag i november eller desember der me kan møtast fysisk i Oslo.

Neste møte:

- 16. oktober 2019 kl. 14-15 (Skype)

Terje Skjerdal (ref)